

Trafikkplan for Rosseland skule



Skulen og trafikksituasjonen.

Elevane på Rosseland skule har relativt kort skuleveg, og dei fleste går eller sykklar til skulen. Skuleåret 2018-2019 er det 571 elevar ved skulen, og då er det mange som skal til skulen samtidig.

Skulevegen er i utgangspunktet trygg, men det er nokre stader der det ofte oppstår farlege situasjonar då det kjem mange elevar på sykkel på ein gong.

Det hender òg at det oppstår farlege situasjonar når foreldre køyrer barna til skulen, særleg når det då er mørkt og dårleg ver. Skulen oppmodar då foreldra til å setja av barna langs Rosselandsbanen eller ved Tennishallen, i god avstand frå skulen.

FAU arrangerer kvar haust ein trafikkaksjon i samarbeid med Trygg trafikk, Politiet og Bryne Ungdomsskule. Her blir det fokusert på god trafikkultur, bruk av refleks, og at alle som sykklar har hjelm og nødvendig lys på sykkelen. Det blir delt ut refleks av ulike slag til alle. Media blir invitert til aksjonen, slik at skulen og elevane får positiv merksemd rundt dette.

Elevane på 1.trinn får kvart år refleksvestar som dei bruker til og frå skulen, og på alle turar i skulen sin regi..



Kvifor ein trafikkplan?

Time kommune skal vera ein «Trafikksikker kommune», og har laga ein trafikksikringsplan for kommunen 2016-2025.

Målsettinga i trafikksikringsarbeidet i Time kommune er:

«Det skal ikkje skje dødsulukker eller ulukker med alvorleg personskade på vegane i Time som følgje av manglande trafikksikringstiltak. Alle som ferdast i trafikken skal til ei kvar tid føla seg trygg same kva framkomstmiddel dei brukar.»

Trafikkplanen vår tek utgangspunkt i denne målsettinga, og i sjølvsagt i læreplanen (K-06), der det er sett opp målsettingar for trafikkopplæringa i skulen.

Kunnskapsløftet seier:

1.-4.trinn: Kroppsøving

«Etter 4.trinn skal elevene kunne følge trafikkregler for fotgjengere og syklister.»

5.-7.trinn: Kroppsøving

«Etter 7.årssteg skal eleven kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.»

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/05/Veiledning-til-Kunnskapsl%C3%B8ftet-2011.pdf>

Målsettinga vår som skule er at barna skal læra å oppføra seg ansvarsfullti trafikken, slik at skulevegen blir trygg for alle. Å skapa medvit om trafikksikkerheit skal vere ein naturleg del av skulen si verksemd.



Retningslinjer ved bruk av sykkel:

Det er no foreldra som avgjer kva tid barna kan bruka sparkesykkel eller sykkel til skulen. Dei skal melda frå om dette skriftleg til rektor. Dette blir registrert i Visma Flyt. Foreldra treng ikkje gje melding om dette kvart år, ein gong er nok.

Skulen vil oppfordra foreldra å venta med å gje lov til dette til elevane går i 5.klasse, på bakgrunn av råd frå Trygg Trafikk.

Ved bruk av sparkesykkel eller sykkel til og frå skulen er det føresette sitt ansvar at personleg sikkerheitsutstyr er på plass. Skulen vil at alle elevar alltid skal bruka hjelm til og frå skulen, og på alle sykkelturnar i skulen sin regi.

Trafikkansvarleg lærar:

Skulen har gode rutinar for at planane blir følgde opp av dei tilsette, og har ein trafikkansvarleg lærar. Det er Lise Bø Emberland som har denne oppgåva hos oss.



Foreldra sitt ansvar

Det er foreldra som har hovudansvaret for å gje barna nødvendig trafikkopplæring slik at dei kan ferdest trygt i trafikken. Tiltaka som skulen set i verk, er eit supplement til dette. Godt samarbeid mellom heim og skule er avgjerande for å lukkast i trafikkopplæringa.

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2015/10/Sykling-p%C3%A5-skoleveien-trygt-frem-og-hjem.-Endeleg.pdf>

<http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2015/11/Informasjonsbrev-til-foreldre.pdf>

FAU er sterkt engasjert i skulen sit trafikksikkerheitsarbeid, og temaet er òg eit fast innslag på SU-møter og SMU-møter.

http://www.tryggtrafikk.no/content/uploads/2014/06/FAU_brosjyre_orginal-2.pdf

Skulen sin trafikkplan skal presentast på foreldremøtet om hausten, og blir lagt ut på heimesida.

Undervisningsmaterieill:

www.tryggtrafikk.no

www.barnastrafikkklubb.no

www.trafikkogskole.no

Rutinar for uteskule/turar i skulen sin regi.

- I trafikkerte område skal ein passa på gåreglane. I større grupper bør det vera ein vaksen framme og ein bak. 1.trinn har alltid refleksvest

Ved bruk av bil:

- Må ha skriftleg løyve frå føresette.
- Vanlege sikringsreglar i bil.

Ved bruk av sykkel:

- Alle må ha hjelm og trafikk sikker sykkel.
- Når ein sykklar på fortau, har ein vikeplikt for alle. Fotgjengaren har førsterett på fortau. Ved fotgjengarfelt skal ein gå av sykkelen.
- Når ein sykklar på ein gang- og sykkelveg, har ein vikeplikt for alle når ein skal inn på eller kryssa vegen.
- Når ein sykklar i sykkelfelt, har ein vikeplikt mot høgre som bilistane.
- Når ein sykklar i kjørebane, må ein halda seg på høgre side og oppføra seg som bilist.

Ved kollektivtransport.

- Alle står samla, og rettar seg etter dei beskjedar som blir gitt av dei vaksne
- Alle står i ro til bussen eller toget har stansa, og det er klart for på- eller avstigning
- Alle brukar setebelte i buss.
- Ved avstigning gir dei vaksne beskjed om korleis dette skal foregå, og alle går roleg ut av transportmiddelet og bort til den avtalte oppstillingsplassen.

Hovudtema på trinna:

- 1.trinn: Refleksvestar
- 2.trinn: Gå-trening, følgja trafikkreglane for fotgjengarar
- 3.trinn: Refleksbruk/Refleksdomonstrasjon
- 4.trinn: Sykkelopplæring
- 5.trinn: Sykling i trafikken/ Sykkelprøva
- 6.trinn: Sikkerheitsutstyr og vedlikehald
- 7.trinn: Kartleggjing av trafikkfarlege stader i nærmiljøet



«Gå til skulen-aksjon» kvart år

Målet for aksjonen er todelt:

- At barn og unge skal vera meir fysisk aktive.
- At det blir sett fokus på trafikksikkerheit og refleksbruk

Barn bør vera aktive i leik eller annan aktivitet minst 60 minutt kvar dag. Aksjon «Gå til skulen» skal stimulera elevane til dagleg fysisk aktivitet. Barn som går til skulen, får brukt energi, dei er sosiale saman med vennar og dei kan oppdaga spennande ting på vegen.

Gjennom aksjonen blir foreldre, elevar, klassekontaktar og elevråd invitert til eit samarbeid om ein aktiv og trygg start på skuledagen.

Skulane som deltek i aksjonen får kr 5000 som elevrådet disponerer. Midla skal brukast til tiltak som stimulerer til fysisk aktivitet, som for eksempel utstyr, turar, tiltak i «Trivselsleder-programmet».

Aksjonen skjer i samarbeid med Trygg Trafikk, og blir koordinert av Anne Reidun Garpestad som er folkehelsekoordinator i Time kommune.





Sykkelgården på 5.trinn

Elevane på 5.trinn deltek kvar haust på eit fast opplegg på Sykkel – og aktivitetsgården i Sandnes. Dette tilbodet blir koordinert av Trygg Trafikk, og er gratis for skulane.

Her kan elevane øva på trafikkreglar og sykkelferdigheiten sin på eit trygt område. Dette er eit svært godt tilbod til elevane, som er ein viktig del av trafikkopplæringa ved skulen.